

JULENATT

Gudsteneste julenatt følgjer ordninga Høgmesse, men desse ledda vert utforma såleis:

- a) Ein syng heile ledd 4 Lovsong.
- b) Prefasjonen får denne ordlyden:

L | I sanning verdig og rett er det at vi alltid og alle stader takkar deg, heilage Herre, allmechtige Far, evige Gud, ved Jesus Kristus, vår Herre, han som denne heilage natta vart menneske, så vi ved han skulle verta dine bom, frelste ut or mørker og inn i ditt underfulle ljøs. Ved han lovsyng englane din herlegdom, og di kyrkje i himmelen og på jorda prisar namnet ditt med samrøysta lovsong. Med dei vil vi og blanda våre røyster og tilbedande syngja: